



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 10.05.2017
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 17.00 - 22.20

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 02.05.17 og møtet var kunngjort i pressa 04.04.17.

Ved opprop var 27 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

Beate Eknes fekk permisjon frå kl. 21:15.

Per Kristian Holmetun var inhabil i sak 53.
Leiv Jan Fosse møtte til sak 53.

Av 27 medlemmer var 27 til stades ved handsaming av sak 36-51.
Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 52-56.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 18:37-18:42 og frå kl. 19:55-20:05.
Kommunestyret hadde pause frå kl. 18:45-19:00 og frå 21:15- 21.20.

Det var ikkje kome inn spørsmål til spørjetimen.

Fire elevar frå Meland kulturskule spelte musikkstykke på piano.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem

Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Beate Seveline Eknes	V	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Klementsén	BF	Medlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Bente Oliversen Sagstad	SP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Mabel Johansen	H
Rune Lekven Skår	SP

Desse møtte frå administrasjonen: Konstituert rådmann Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

12. mai 2017

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Hilland
Konsulent

Nils Marton Aadland
varaordfører

Sakliste

Saknr	Tittel
36/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
37/2017	Godkjenning av møtebok
38/2017	Referatsaker
39/2017	Orientering om status kommunestruktur
40/2017	Rekneskap og årsmelding 2016
41/2017	Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2016
42/2017	Delegering av fullmakt til Førebuande Fellesnemnd
43/2017	Tidleg innsats 2017-2020
44/2017	Frivilligmelding
45/2017	Kulturstipend i Meland kommune
46/2017	Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland
47/2017	Vedtekter for Meland kulturskule - revidering
48/2017	Bruk av granulat på kunstgrasbanar i Meland kommune
49/2017	Realfagsstrategi 2017 - 2020
50/2017	Høyringsuttale om hjelpemiddelformidling
51/2017	Norskopplæring for vaksne innvandrarar i Meland
52/2017	Brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås
53/2017	Holme forretningsområde - reguleringsendring. 2. gongs handsaming
54/2017	Reguleringsplan for Danielsen skule - 2. gongs handsaming

55/2017 Interpellasjon - Tigging i Meland

56/2017 Interpellasjon - Anskaffelsespolitikk - Retningslinjer for å inkludere personar med utfordringer på arbeidsmarkedet ved gjennomføring av kontrakter i Meland kommune

36/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Stian Lavik hadde følgjande merknad til innkallinga:

Framlegg til vedtak frå møte i ULK som ikkje vert vedteke, er ikkje kome med i innkallinga til kommunestyret.

Avrøystinga står, men ikkje framlegg til vedtak.

Administstrasjonen svarte at ein vil undersøkje kva som er årsaka til dette.

KS - 36/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling med ovannemnde merknad og sakliste vert godkjent.

37/2017: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok frå møte 29.03.17 vert godkjent."

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

KS - 37/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Møtebok frå møte 29.03.17 vert godkjent."

38/2017: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldingane vert tekne til orientering."

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Leiar i Ungdomsrådet i Meland, Silje Nordal orienterte om arbeidet i ungdomsrådet.

KS - 38/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

"Meldingane og orienteringa vert tekne til orientering."

39/2017: Orientering om status kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Det vart orientert om følgjande:

Namnekomitéen har kome med framlegg om namn på den nye kommunen, Alver kommune. Førebuande fellesnemnd skal vedta namnet i møtet 15. mai og kommunestyret vedtar namnet i møtet 14. juni.

Endeleg vedtak vert i § 25-møtet 22. juni 2017.

Fylkesmannen kaller inn til §25-møtet 22. juni, der ein m.a. skal vedta val av dei 6 medlemmene frå kvar kommune som skal vere med i den endelege fellesnemnda.

Sak i kommunestyret i dag om delegering av fullmakt til Førebuande fellesnemnd om prosess for tilsetjing av prosjektleiar/ny rådmann. Må foreta vurdering om nokon av rådmennene kan ha rettskrav til rådmannstillinga. Har søkt bistand frå KS-advokatane.

Ordførar har hatt møte med Nordhordland Næringslag. Ønskje om å ha eit seminar til hausten. Sak i Førebuande fellesnemnd der ein skal velje 3 representantar til arbeidsgruppa.

1. utkast til styringsdokument har vore opp i Førebuande fellesnemnd og partsamansett utval. Dersom kommunestyret ønskjer det, kan ein få ei vidare orientering på kommunestyremøtet 14. juni.

KS - 39/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

40/2017: Rekneskap og årsmelding 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2016 i samsvar med revisor si melding med eit mindreforbruk på kr 8.970.065, som vert å avsetje til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

Fellesframlegg til endring av vedtak i møtet:

"mindreforbruk" vert endra til "overskot" på kr

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med ovannemnde endring vart samrøystes vedteke.

FS - 51/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2016 i samsvar med revisor si melding med eit overskot på kr 8.970.065, som vert å avsetje til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Rådmann Kari Anne Iversen orienterte om følgjande:

Vedtak frå 2007 om at delar av husleiga skal nyttast til vedlikehald

Sal av gamle kommunale bustader kan vere fornuftig

Skilje mellom tidsavgrensa leigeavtalar og andre leigeavtalar t.d. gjennom NAV

Tilleggsframlegg til vedtak frå Meland AP v/Øyvind H. Oddekalv:

Kommunestyret ønskjer å bruke delar av overskotet til anleggsbidrag til breiband og fiber.

Kommunestyret ber rådmannen ta kontakt med utbyggjarar av breiband og fiber, og komme tilbake med ei sak om korleis kommunen kan bidra til å byggje ut i område som i dag ikkje har breiband/fiber.

Kommunestyret vil på eit seinare tidspunkt avgjere i kor stor grad kommunen kan bidra økonomisk til dette.

Tilleggsframlegg frå Stian Lavik, KrF:

.... og mobil.

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Meland AP med tilleggsframlegg frå Stian Lavik vart samrøystes vedteke.

KS - 40/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2016 i samsvar med revisor si melding med eit overskot på kr 8.970.065, som vert å avsetje til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Kommunestyret ønskjer å bruke delar av overskotet til anleggsbidrag til breiband, fiber og mobil.

Kommunestyret ber rådmannen ta kontakt med utbyggjarar av breiband, fiber og mobil, og komme tilbake med ei sak om korleis kommunen kan bidra til å byggje ut i område som i dag ikkje har breiband/fiber og mobil.

Kommunestyret vil på eit seinare tidspunkt avgjere i kor stor grad kommunen kan bidra økonomisk til dette.

41/2017: Årsmelding for Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 2016

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret tek årsmelding frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne dat. 24.02.17 til vitande

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

KS - 41/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret tek årsmelding frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne dat. 24.02.17 til vitande.

42/2017: Delegering av fullmakt til Førebuande Fellesnemnd

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret i Meland gir Førebuande fellesnemnd fullmakt til å gjennomføra ein prosess med å engasjera ein prosjektleiar.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

KS - 42/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret i Meland gir Førebuande fellesnemnd fullmakt til å gjennomføra ein prosess med å engasjera ein prosjektleiar.

43/2017: Tidleg innsats 2017-2020

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtek at prosjektet «tidleg innsats og identifisering i perioden 2017-2020» vert arbeid med i tråd med prosjektplana i perioden 2017 -2020.

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:

Kommunestyret er glad for å sjå at Meland kommune set fokus på arbeid med tidleg innsats i barnehage og skule, og vedtek at prosjektet "Tidleg innsats og identifisering i perioden 2017-2020" vert arbeidd med i tråd med prosjektplanen i perioden 2017-2020.

Endringsframlegget frå Stian Lavik (KrF) vart samrøystes vedteke.

ULK - 20/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret er glad for å sjå at Meland kommune set fokus på arbeid med tidleg innsats i barnehage og skule, og vedtek at prosjektet "Tidleg innsats og identifisering i perioden 2017-2020" vert arbeidd med i tråd med prosjektplanen i perioden 2017-2020.»

29.03.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 27/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår vart samrøystes vedteke.

KS - 43/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Kommunestyret er glad for å sjå at Meland kommune set fokus på arbeid med tidleg innsats i barnehage og skule, og vedtek at prosjektet "Tidleg innsats og identifisering i perioden 2017-2020" vert arbeidd med i tråd med prosjektplanen i perioden 2017-2020.»

44/2017: Frivilligmelding

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner Frivilligmelding for Meland slik han ligg føre.

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:

Nest siste strekpunkt i kapittel 3, "Vidare skal frivillig sektor supplere ikkje erstatte offentlege tenester", vert stroke. Kommunestyret godkjenner elles Frivilligmeldinga for Meland slik den ligg føre.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Stian Lavik (KrF) fekk **2 røyster for** (1 KrF, 1 uavhengig) og **6 røyster mot** (1 Sp, 2 Ap, 2 H, 1 Frp) og fall.

ULK - 26/2017 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret godkjenner Frivilligmelding for Meland slik han ligg føre.»

29.03.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 25/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:

Nest siste strekpunkt i kapittel 3, "Vidare skal frivillig sektor supplere ikkje erstatte offentlege tenester", vert stroke. Kommunestyret godkjenner elles Frivilligmeldinga for Meland slik den ligg føre.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår fekk 14 røyster for, (7 AP, 3 SP, 1 Uavh, 1 FrP, 1 MDG,

1 BF), 14 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frp Stian Lavik, KrF fekk 13 røyster for, (3 KrF, 5 H, 2 V, 2 FrP, 1 MDG), og fall.

KS - 44/2017 VEDTAK (MOT 13 RØYSTER):

Kommunestyret godkjenner Frivilligmelding for Meland slik den ligg føre.

45/2017: Kulturstipend i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret godkjenner å opprette Kulturstipend for Meland kommune i samsvar med retningslinene i vurderinga.

For 2017 vert søknadsfrist sett til 15. juni.»

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 29/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret godkjenner å opprette Kulturstipend for Meland kommune i samsvar med retningslinene i vurderinga.

For 2017 vert søknadsfrist sett til 15. juni.»

29.03.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 26/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak i møtet:

Kommunestyret ber rådmannen fremme sak om idrettsstipend for Utval for levekår.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak i møtet vart samrøystes vedteke.

KS - 45/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner å opprette Kulturstipend for Meland kommune i samsvar med retningslinene i vurderinga.

For 2017 vert søknadsfrist sett til 15. juni.

Kommunestyret ber rådmannen fremme sak om idrettsstipend for Utval for levekår.

46/2017: Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland**Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner å opprette Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.»

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR**ULK - 28/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

«Kommunestyret godkjenner å opprette Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.»

29.03.2017 KOMMUNESTYRET**Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv:**

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 29/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Thomas Wallem, Meland Høgre:

Kommunestyret ber rådmann fremme sak om idrettspris for unge utøvere for Utval for levekår.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak frå Thomas Wallem vart samrøystes vedteke.

KS - 46/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner å opprette Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.

Kommunestyret ber rådmann fremme sak om idrettspris for unge utøvere for Utval for levekår.

47/2017: Vedtekter for Meland kulturskule - revidering

Rådmannen sitt framlegg:

«Vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 7, 13, 17, 21 og 23 slik det går fram av saka. Dei andre punkta vert ståande som i vedtektene frå 2015.»

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 30/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Vedtektene for Meland kulturskule vert endra på punkt 7, 13, 17, 21 og 23 slik det går fram av saka. Dei andre punkta vert ståande som i vedtektene frå 2015.»

29.03.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 28/2017 VEDTAK:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen, FrP:

Saka vert utsett.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget frå Sigmund Larsen vart samrøystes vedteke.

KS - 47/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett.

48/2017: Bruk av granulat på kunstgrasbanar i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret ønskjer på sikt å fase ut bruken av gummi- og plastgranulat på kunstgrasbanar i Meland. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med medlemmar frå administrasjonen og idretten, som får som mandat å greie ut eit opplegg som kan sørge for ein framtidig overgang til meir miljøvennlege alternativ til dagens situasjon, i samsvar med nasjonalt arbeid innafør temaet. Arbeidsgruppa kjem med tilbakemelding og resultat av arbeidet til Utval for levekår.»

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 31/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret ønskjer på sikt å fase ut bruken av gummi- og plastgranulat på kunstgrasbanar i Meland. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med medlemmar frå administrasjonen og idretten, som får som mandat å greie ut eit opplegg som kan sørge for ein framtidig overgang til meir miljøvennlege alternativ til dagens situasjon, i samsvar med nasjonalt arbeid innafør temaet. Arbeidsgruppa kjem med tilbakemelding og resultat av arbeidet til Utval for levekår.»

29.03.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Øyvind H. Oddekalv:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

KS - 30/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Saka vert utsett til kommunestyremøtet 10. mai.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Karina Garnes Reigstad, MDG:

Kommunestyret ønsker fase ut bruken av gummi- og plastgranulat innan utgangen av 2019. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med medlemmer frå administrasjonen og idretten, som får som mandat å greie ut eit opplegg som kan sørgje for ein framtidig overgang til meir miljøvenlege alternativ til dagens situasjon, i samsvar med nasjonalt arbeid innanfor temaet. Arbeidsgruppa skal sørgje for at det vert laga ein handlingsplan for å forhindre avrenning av granulater til vassdrag. Arbeidsgruppa får frist til å kome med alternative løysingar, eit oversyn over meirkostnadane og ein ferdig handlingsplan før budsjetthandsaminga i 2018.

Tilleggsframlegg frå Per Kristian Holmetun, SP:

Det vil ikke bli gitt tillatelse til etablering av nye kunstgressbaner i Meland kommune, hvor en skal bruke gummi- og plastgranulat.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår fekk 0 røyster for, 27 røyster mot, og fall.

Framlegg til vedtak frå Karina Garnes Reigstad vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Per Kristian Holmetun fekk 21 røyster for, (4 H, 2 AP, 3 SP, 3 KrF, 3 FrP, 1 Uavh, 2 V, 2 MDG, 1 BF), 6 røyster mot, (5 AP, 1 H), og er såleis vedteke.

KS - 48/2017 VEDTAK:

Kommunestyret ønsker fase ut bruken av gummi- og plastgranulat innan utgangen av 2019. Det vert sett ned ei arbeidsgruppe med medlemmer frå administrasjonen og idretten, som får som mandat å greie ut eit opplegg som kan sørgje for ein framtidig overgang til meir miljøvenlege alternativ til dagens situasjon, i samsvar med nasjonalt arbeid innanfor temaet. Arbeidsgruppa skal sørgje for at det vert laga ein handlingsplan for å forhindre avrenning av granulater til vassdrag. Arbeidsgruppa får frist til å kome med alternative løysingar, eit oversyn over meirkostnadane og ein ferdig handlingsplan før budsjetthandsaminga i 2018.

Det vil ikke bli gitt tillatelse til etablering av nye kunstgressbaner i Meland kommune, hvor en skal bruke gummi- og plastgranulat.

49/2017: Realfagsstrategi 2017 - 2020

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret godkjenner strategi for realfag for perioden 2017-2020»

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

Felles endringsframlegg i møte:

"Kommunestyret har tru på og godkjenner strategi for realfag for perioden 2017 - 2020."

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - 23/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret har tru på og godkjenner strategi for realfag for perioden 2017 - 2020.»

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

KS - 49/2017 SAMRØYSTES VEDTAK VEDTAK:

Kommunestyret har tru på og godkjenner strategi for realfag for perioden 2017-2020.

50/2017: Høyringsuttale om hjelpemiddelformidling

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån. Retten til hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne må ikkje vere avhengig av kommuneøkonomi og geografisk lokalisering.

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

Kommunestyret støtter intensjonen om å overføre ansvar for hjelpemiddelformidlingen frå stat til kommune.

Det blir lagt til grunn at staten kompenserer kommunane sine utgifter til tiltaket.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for, (2 AP, SP, KrF, FrP, V), 1 røyst mot og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland fekk 1 røyst for, (H), 6 røyster mot, og fall.

FS - 53/2017 FRAMLEGG TIL VEDTAK (MOT 1 RØYST):

Kommunestyret meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån. Retten til hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne må ikkje vere avhengig av kommuneøkonomi og geografisk lokalisering.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

Kommunestyret støtter intensjonen om å overføre ansvar for hjelpemiddelformidlingen frå stat til kommune.

Det blir lagt til grunn at staten kompenserer kommunane sine utgifter til tiltaket.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå formannskapet fekk 22 røyster for, (AP, FrP, SP, KrF, V, MDG, BF, Uavh), 5 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland fekk 5 røyster for (H), 22 røyster mot, og fall.

KS - 50/2017 VEDTAK (MOT 5 RØYSTER):

Kommunestyret meiner retten til hjelpemiddel framleis skal ligge i folketrygda med eit statleg finansieringsansvar og eit nasjonalt formidlingssystem for fagleg rådgjeving og utlån. Retten til hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne må ikkje vere avhengig av kommuneøkonomi og geografisk lokalisering.

51/2017: Norskopplæring for vaksne innvandrarar i Meland

Rådmannen sitt framlegg:

Meland kommune vil ikkje etablere eigen språkopplæring i Meland kommune no.

Framlegg til vedtak i møtet frå Stian Lavik (Krf):

«Saka vert utsett til 1.møte i Utval for levekår våren 2017.»

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - 71/2016 SAMRØYSTES VEDTAK:

«Saka vert utsett til 1.møte i Utval for levekår våren 2017.»

14.12.2016 KOMMUNESTYRET

Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:

Saka blir utsett til den er handsama i ULK.

Utsetjingsframlegget frå Nils Marton Aadland fekk 26 røyster for, (H, AP, 2 FrP, 1 Uavh, SP, KrF, V, MDG, BF), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.

KS - 123/2016 VEDTAK (MOT 1 RØYS):

Saka blir utsett til den er handsama i ULK.

21.03.2017 UTVAL FOR LEVEKÅR

Framlegg til vedtak i møte frå Stian Lavik (Krf):

"Saka vert utsett."

Framlegget fekk 2 røyster for (1 KrF, 1 uavhengig) og 6 røyster mot (1 Sp, 2 AP, 2 H, 1 Frp) og fall.

Sølvi Knudsen (Sp) legg fram skriv:

"Dei siste åra har det kome fleire flyktningar som har busett seg i Meland kommune og Utval for levekår er glad for at kommunen tek godt imot våre nye landsmenn.

Vaksne innvandrarak har både rett og plikt til norskopplæring. Det å læra seg norsk er grunnleggjande viktig for å verta ein del av vårt lokalsamfunn og ikkje minst å koma seg inn på arbeidsmarknaden.

Meland kommune kjøper teneste vedk. norskopplæring for innvandrarak hos Lindås kommune. Denne opplæringa vert per dags dato gitt på bokmål. Dette trass i at ein i Nordhordland har nynorsk som administrasjonsmål og i stor grad skulemål.

Grunngjevinga frå fagmiljøet i Lindås er at læringsmateriale er utarbeidd på bokmål og slik har

opplæring på nynorsk vorte hemmande.

Det som har kome frå, på fleire seminar i regi av Mållaga i Nordhordland, er at det no har kome ein god del opplæringsmateriell på nynorsk.

Dei siste 2 åra er det fleire kommunar i Hordaland som har norskopplæring på nynorsk.

Utval for levekår forstår at administrasjonen i dag ikkje kan setja i gang norskopplæring på nynorsk i Meland.

Utval for levekår vil tilrå ovanfor kommunestyret at Meland kommuneber om at det i samband med arbeidet vedk. ny kommune vert krav om at vaksne innvandrarak skal få norskopplæring på nynorsk."

Felles framlegg til vedtak i møte:

"Kommunestyret godkjenner at innvandrarak skal få tilbod om norskopplæring på nynorsk i den nye kommunen."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - 19/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

«Kommunestyret godkjenner at innvandrarak skal få tilbod om norskopplæring på nynorsk i den nye kommunen.»

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Endringsframlegg ULK frå Meland AP v/Øyvind H. Oddekalv:

.... nynorsk OG BOKMÅL i den nye kommunen.

Framlegg til vedtak frå Karina Garnes Reigstad, MDG:

Saka vert utsett.

Avrøysting:

Utsetjingsframlegget fekk 12 røyster for, (5 H, 3 FrP, 2 V, 1 BF, 1 MDG), 15 røyster mot, (7 AP, 3 SP, 3 KrF, 1 MDG, 1 Uavh), og fall.

Framlegg til vedtak frå Meland Venstre:

Kommunestyret vil ikke be om at tjenesten som kjøpes fra Lindås kommune, norskopplæring for voksne innvandrere skal tilbys på nynorsk.

Meland kommune vil invitere til dialog med Radøy og Lindås kommune om tilbudet om norskopplæring i den nye kommunen skal bli i begge målformer.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Utval for levekår fekk 7 røyster for, (3 SP, 3 KrF, 1 MDG), 20 røyster mot, (AP, H, FrP, V, 1 MDG, BF, Uavh), og fall.

Endringsframlegg frå Meland AP fekk 17 røyster for, (7 AP, 3 H, 3 SP, 3 KrF, 1 MDG), 10 røyster mot, (3 FrP, 2 H, 2 V, 1 MDG, 1, BF, 1 Uavh), og vedteke.

Framlegg til vedtak frå Meland Venstre fekk 9 røyster for, (2 H, 2 V, 3 FrP, 1 BF, 1 Uavh), 18 røyster mot, (7 AP, 3H, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG), og fall.

KS - 51/2017 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner at innvandrarak skal få tilbod om norskopplæring på nynorsk og bokmål i den nye kommunen.

52/2017: Brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17»

03.05.2017 FORMANNSKAPET

Tilleggsframlegg frå Marit Samnøy Jøssang, KrF:

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.

FS - 55/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17.

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Ordførar foreslår å innføre taletid på 3 min.

Dette vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak frå Thomas Wallem, Meland Høgre:

1. Kommunestyret i Meland vedtar å ikke ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunene Meland, Modalen og Lindås.
2. Fremtidig diskusjon og forhandlinger om brannsamarbeid må utelukkende skje med Radøy kommune.

Avrøysting:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 20 røyster for, (7 AP, 3 SP, 3 KrF, 2 FrP, 1 V, 2 MDG, 1 BF, 1 Uavh), 6 røyster mot, og er såleis vedteke.

Framlegg til vedtak frå Thomas Wallem fekk 6 røyster for, (5 H, 1 FrP), 20 røyster mot, og fall.

KS - 52/2017 VEDTAK (MOT 6 RØYSTER):

Kommunestyret i Meland vedtar å ta del i nytt brannsamarbeid mellom kommunane Meland, Modalen og Lindås, med verknad frå 01.05.17.

Kommunestyret i Meland rår til at ein utset endringa av namn på samarbeidet til ny kommune er etablert.

53/2017: Holme forretningsområde - reguleringsendring. 2. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner reguleringsendring for Holme forretningsområde, gnbr 10/85 m.fl., med plankart datert 03.03.17, reguleringsføresegner datert 04.04.17 og planomtale datert 15.02.17. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningsloven § 12-12.

25.04.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Utval for drift og utvikling ønskjer at Statens vegvesen orienterer om saka i Kommunestyret. Leiar Mabel Johansen kontaktar ordførar om dette.

UDU - 32/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner reguleringsendring for Holme forretningsområde, gbnr 10/85 m.fl., med

plankart datert 03.03.17, reguleringsføresegner datert 04.04.17 og planomtale datert 15.02.17. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningsloven § 12-12.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Per Kristian Holmetun:

Jeg vil ved behandling av denne saken reise spørsmål om min habilitet med følgende bakgrunn; Reguleringsplanen for Holme forretningsområde strekker seg rett innenfor grensen til Gnr 10 / Bnr 5 som er eid av min far Arnold Tveit. Dette gjelder området ved avkjørselen på Holme, hvor undergangen eventuelt skal gå)

Meg bekjent har Arnold ingen part i reguleringsplanen, og heller ikke kommet med noen merknader til denne.

Per Kristian Holmetun gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet. Leiv Jan Fosse tok sete.

Ordførar foreslår at Per Kristian Holmetun er inhabil i saka og viser til § 6 1. ledd bokstav b i Forvaltningslova.

Avrøysting:

Kommunestyre vedtek samrøystes at Per Kristian Holmetun er inhabil i saka.

Leiv Jan Fosse tok del i handsaming av saka.

KS - 53/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner reguleringsendring for Holme forretningsområde, gbnr 10/85 m.fl., med plankart datert 03.03.17, reguleringsføresegner datert 04.04.17 og planomtale datert 15.02.17. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningsloven § 12-12.

54/2017: Reguleringsplan for Danielsen skule - 2. gongs handsaming

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner reguleringsplanen for Danielsen skule, gbnr 23/1 m.fl., med plankart datert 13.03.17, reguleringsføresegner datert 04.04.17 og planskildring datert 12.03.17. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

25.04.2017 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

UDU - 33/2017 SAMRØYSTES FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner reguleringsplanen for Danielsen skule, gbnr 23/1 m.fl., med plankart datert 13.03.17, reguleringsføresegner datert 04.04.17 og planskildring datert 12.03.17. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

KS - 54/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner reguleringsplanen for Danielsen skule, gbnr 23/1 m.fl., med plankart datert 13.03.17, reguleringsføresegner datert 04.04.17 og planskildring datert 12.03.17. Vedtaket er gjort i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

55/2017: Interpellasjon - Tigging i Meland

Rådmannen sitt framlegg:

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Sak 55/2017 Svar på interpellasjonen om tigging i Meland

I interpellasjonen frå Sigmund Larsen (FrP) blir det vist til NRK-programmet «Brennpunkt» som , ifølge interpellanten, har «grundig dokumentert at utenlandske tiggermiljøer» står bak mykje kriminalitet.

Først vil eg seie at det er fint at også FrP finn noko dei likar på NRK, eller ARK (Arbeiderpartiets rikskringkastning) som dei konsekvent har kalt statskanalen dei siste tiåra. Så vil eg stille spørsmålet kvifor representanten Larsen vel å kalle dette for «tiggermiljøer»? Sjølv vil eg kalle det kriminelle miljøer, det minste problemet desse står bak er vel tigging?

Når det er sagt er det til dels svært alvorleg kriminalitet som blir vist i dette programmet, og det er viktig at politiet i Bergen har stort fokus på å få sett ein stoppar for den aktiviteten dei står bak. Prostitusjon, menneskehandel, narkotikahandel osv. er lovbrøt som politiet skal etterforske, uavhengig om tigging er ulovleg eller ikkje. Eg viser her til Stavanger som gjekk etter narkotikatrafikken og gjennom dette fekk sett ein stoppar for mykje av den tilhøyrande kriminaliteten som blir vist i NRK-programmet.

Det er viktig å møte utfordringane med rette tiltak. Programmet som det vert referert til viser eit kriminelt miljø i Bergen, men nokre av desse er og observert i Nordhordland. Likevel reagerer eg på at eit program som viser eit tydeleg storbyproblem blir brukt til å prøve å innføre eit tiggjarforbod i Meland. Tiggjarforbod var ei tydeleg kampsak for Meland FrP i valkampen framfor kommunevalet, og ein var no raskt på pletten for å prøve å puste liv i denne FrP-kjepphesten. Men, eg er ganske sikker på at eit tiggjarforbod i Meland ikkje er rett tiltak for å møte dei storbyutfordringane som vart vist i

NRK-programmet. Men for FrP er det gjerne ei god valkampsak, vi ser no at liknande interpellasjonar dukkar opp i den eine småkommunen etter den andre landet over.

Eg står fast på det eg sa før valet i 2015, tigging er ikkje eit stort problem i Meland, og ein bør ev. heller følgje oppmodinga frå lensmannen i Nordhordland om å ikkje gi til tiggjarar. Eg vil ikkje vere med å sale opp FrP-kjepphesten, men heller oppfordre kommunestyret til å avvise denne saka. Vi har knappe administrative ressursar i Meland kommune, spesielt no når ventar på ny rådmann. Eg meiner det er heilt feil bruk av våre knappe administrative ressursar å be rådmannen utgreie ei slik sak.

Frekhaug, 9.5.2017
Øyvind H Oddekalv

Det vart røysta over realitetsbehandling av saka eller avvise saka.

Avrøysting:

**Saka vert avvist med 20 røyster (6 AP, 5 H, 2 SP, 3 KrF, 1 V, 2 MDG, 1 BF).
6 røysta for realitetsbehandling (1 AP, 1 SP, 3 FrP, 1 Uavh).**

KS - 55/2017 VEDTAK:

Saka vert avvist.

56/2017: Interpellasjon - Anskaffelsespolitikk - Retningsliner for å inkludere personar med utfordringer på arbeidsmarkedet ved gjennomføring av kontrakter i Meland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

10.05.2017 KOMMUNESTYRET

Sak 56/2017 Svar på interpellasjon om anskaffingspolitikk frå Meland FrP

I interpellasjonen frå Øyvind Bratshaug (FrP) blir det sett fokus på utfordringa med å skaffe tilstrekkeleg med praksisplassar for personar med nedsett arbeidsevne eller som har problem med å skaffe seg arbeid i ein ordinær arbeidsmarknad. Det nye tiltaket AFT, arbeidsførebuande trening, blir trekt fram som eit tiltak som vil krevje mange praksisplassar. I det nye anskaffingsregelverket som trådte i kraft ved nyttår, er det opna opp for at ein kan ta i bruk såkalla «reserverte kontraktar», dvs. kontraktar som blir reserverte for verksemnder med funksjonshemma eller vanskelegstilte personar, jf. anskaffingsforskrifta.

Ordføraren støttar dette forslaget og vil ta initiativ til at kommunen følgjer opp intensjonen i interpellasjonen frå representanten Bratshaug. Slik eg lesar interpellasjonen er det ikkje formulert

noko konkret framlegg til vedtak, og eg vil foreslå følgjande oversendingsvedtak.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med ei sak om korleis Meland kommune kan nytte «inkluderande kontrakter», jf. § 8-8 i anskaffingsforskrifta.

Frekhaug, 9.5.2017
Øyvind H Oddekalv

Det vart røysta over realitetsbehandling av saka eller avvise saka.

Avrøysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes å realitetbehandla saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 56/2017 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med ei sak om korleis Meland kommune kan nytte «inkluderande kontrakter», jf. § 8-8 i anskaffingsforskrifta.
